

## Del 3 Investeringar - oversikt over prosjekt

### Oversikt prosjekt 2020

Dei største prosjekta vert nærare kommentert nedom tabellen.

Prosjekt nr	Prosjekt	Vedtatt utgiftsramme	Reknesk.ført tidlegare år	Årets budsjett	Reknesk.ført i år	Sum rekne-skapsført	Gjenstår av utgiftsramme	Komme
1301	OMSTILLING GJENNOM BRUK AV IKT, DIGITALISERING OG NY TEKNOLOGI			1 250 000	575 399	575 399	674 601	Budsjettra pr år 1)
1304	EIGENKAPITALINNSKOT KLP			1 350 000	1 288 594	1 288 594	61 406	Budsjettra pr år 1)
2320	Tak Valderøy Ungdomsskule	750 000	0	750 000	594 071	594 071	155 929	
2321	Yttervegg Valderøy barneskule	200 000	0	200 000	0	0	200 000	
2327	Midler til tilpassing ved struktur i oppvekst	2 755 000	0	2 755 000	0	0	2 755 000	
2328	Vigra Skule - Sanitærbygg (tilskot Korona)			0	0	0	0	Prosjektko = tilskot
2329	Vigra Skule - Varmepumpe (tilskot korona)			0	0	0	0	Prosjektko = tilskot
2364	Midler til tilpassing ved akutte behov - universell utforming	200 000	0	200 000	0	0	200 000	
3101	FORMIDLINGSLÅN			0	3 182 577	3 182 577		Budsjettra pr år 1)
3405	BIL KH 57980 GUDMUNDVEGEN BUFELLESSKAP			0	-3 000	-3 000		Sal av bil
3509	Godøy bukollektiv - omlegging av tak 2020	300 000	0	300 000	376 349	376 349	-76 349	
3510	Godøy Bukollektiv - bygg for naudstraumsaggregat (tilskot korona)			0	0	0		Prosjektko = tilskot
3511	Vigra omsorgssenter - Ventilasjon (tilskot korona)			0	0	0		Prosjektko = tilskot
3512	Tak teststasjon (tilskot korona)			0	0	0		Prosjektko = tilskot
3805	DESINFEKSJONSROBOT	365 000	0	365 000	360 000	360 000	5 000	
4304	KUNSTGRASBANE PÅ GODØY			0	0	0		Avsett til
4305	KUNSTGRASBANE PÅ ROTA			0	0	0		Avsett til
5109	KJØP/SAL AV BUSTADER			0	-4 236 376	-4 236 376		
5110	KLIMA- OG ENERGITILTAK			386 000	0	0	386 000	Budsjettra pr år 1)
5121	SAL KOMMUNAL GRUNN (Spesifik portefølje)	2 000 000	-369 102	0	-3 488 788	-3 857 890		
5130	NÆRMILJØTILTAK	880 000	812 104	0	46 345	858 449	21 551	

Prosjekt	Prosjekt	Vedtatt	Reknesk.ført	Årets	Reknesk.ført	Sum rekne-	Gjenstår av	Komme
nr		utgiftsramme	tidlegare år	budsjett	i år	skapsført	utgiftsramme	
5158	Utlegebustadar Godøy - Vøling av 3 mannsbustad (tilskot korona)			0	-1	-1		Prosjektk = tilskot
5303	GODØY BRANNSTASJON - UTBETRING	200 000	34 299	166 000	345 108	379 407	-179 407	
5304	Tankbil brannvesen/vassforsyning	2 637 000	260	2 637 000	-98 140	-97 880	2 734 880	
5305	Godøy Brannstasjon - oppgradering (tilskot korona)			0	0	0		Prosjektk = tilskot
5370	KARTLEGGING - Marine Grunnkart	822 000	413 321	822 000	0	413 321	408 679	
5605	SKULEVEGEN GISKE	35 330 364	31 117 973	5 000 000	2 260 818	33 378 791	1 951 573	
5856	GJØSUND NASJONAL FISKERIHAMN		-22 764	0	408 209	385 445	-385 445	
5857	MUDRING GJØSUNDET			0	682 544	682 544	-682 544	
6017	YTTERLANDSNESET	5 000 000	4 880 787	100 000	76 751	4 957 538	42 462	
6154	GANGV./LEIDN.ANL. GEILEVIKA-TEPPEMYRA	26 499 704	11 930 427	783 623	872 871	12 803 298	13 696 406	
6201	MINDRE VEGANLEGG			0	-37 757	-37 757		Budsjettra pr år 1)
6251	Modernisering av vassverket	1 545 000	1 053 033	356 800	372 058	1 425 091	119 909	
6252	Overføringsledning Godøy - Giske	2 092 077	266 941	1 592 077	1 465 458	1 732 399	359 678	
6253	Vassledning Giske - Staurneset	197 511	205 052	67 511	131 076	336 128	-138 617	
6343	LEIDN.ANLEGG V/GJERDEHAVNA	8 630 636	12 737 004	330 636	330 635	13 067 639	-4 437 003	
6380	Tilbygg Alnes renseanlegg	1 120 000	14 670	19 353	18 879	33 549	1 086 451	
6381	MINDRE LEIDNINGSANLEGG			1 400 000	1 408 723	1 408 723	-8 723	Budsjettra pr år 1)
6383	FORNYING LEIDNINGSANLEGG			7 937 000	7 721 288	7 721 288	215 712	Budsjettra pr år 1)
6386	HOVUDPLAN VATN/AVLØP	1 100 000	973 198	600 000	341 769	1 314 967	-214 967	
7300	VALDERØY KYRKJEGARD	6 800 000	3 500 000	3 300 000	3 300 000	6 800 000	0	
8701	BRUK AV LÅN			-31 318 000	-18 295 462	-18 295 462	-13 022 538	Låneoppt år
8801	INT. FINANSTRANS.			-1 350 000	0	0	-1 350 000	Pr år

1) Budsjettramme pr år: årsbudsjett er ei konkretisering av ei løyving, dette er prosjekt som vert avslutta årleg og skal dei fortsette må det setjast av nye løyvingar.

## Kommentar til investeringsprosjekt 2020

### 1301 Omstilling gjennom bruk av ikt, digitalisering og ny teknologi

Framhald av omstillingsarbeid, startlisens for nye ikt-program mm.

### 1304 Eigenkapitalinnskott KLP

Eigenkapitalinnskott KLP (pensjonsfond).

### 2320 Tak Valderøy Ungdomskule (tilskot korona)

Omlegging av tak på spesialfløy og adm.fløy ved Valderøy ungdomsskule. Omlegging tak over streeten er ikkje utført.

### 2321 Yttervegg Valderøy barneskule (tilskot korona)

Vi har ei reklamasjonssak knytt til lekkasje, kan vere spørsmål om kommunen kan få dette som reklamasjon. Dette var ikkje avklart i 2020, men arbeidet vart utført i feb.- mars 2021.

### 2327 Midler til tilpassing ved struktur i oppvekst

Endringar i skulestruktur gir behov for tilpasningar ved skulane. Prosjektet er utsatt til 2021 og midlane overført til investeringsbudsjett 2021.

### 2328 Vigra skule - Sanitærbygg (tilskot korona)

Etablering av sanitærbygg og omlegging av div. rør og elektro knytt til dette.

### 2329 Vigra skule – Varmepumpe (tilskot korona)

Montering og omlegging til luft- vatn pumpe/ oppvarming for 1991 bygget ved Vigra skule.

### 3101 Formidlingslån

Vidareformidling av startlån frå Husbanken til vanskelegstilte. Prosjektet er sjølvfinansierende ved at innbetalingar og utbetalingar er like store.

### 3509 Godøy bukollektiv omlegging tak (tilskot korona)

Dette arbeidet vart ferdigstilt i 2020. Var naudsynt å utføre noko meir arbeid enn det som først vart planlagt.

### 3510 Godøy bukollektiv – bygg for naudstraumaggregat (tilskot korona)

Tiltaket vart ikkje starta i 2020. Vil verte utført i løpet av våren 2021.

### 3511 Vigra Omsorgssenter - Ventilasjon (tilskot korona)

Bytte av ventilasjonsanlegg og omlegging lys, varme for Nordstova og Fjellro ved Vigra omsorgssenter. Tiltaket vart i hovudsak ferdigstilt i 2020.

### 3512 Tak teststasjon (tilskot korona)

Etablering av tak og vegger knytt til teststasjon for korona.

### 3805 Desinfeksjonsrobot

Kjøp av robot for trygg desinfisering/smitteingjerjing av pasientrom ved smitte/koronasmitte. Reduksjon risiko for reinholdspersonell. Innkjøpt i tidleg fase av korona før ein oppbemanna med tilkallingshjelp. Tatt i bruk umiddelbart og forventast vidare brukt ved smittetilfelle også etter korona.

### 5109 Kjøp/Sal av bustader

Sal av Klungreteigen 9 samt Karenhaugen 1.

### 5110 Klima- og energiltak

Investering som er knytt til energieffektivisering og omlegging til SD (sentral driftsstyring) vart ikkje gjennomført i 2020.

#### 5121 Sal av kommunal grunn

Innbetaling for avhenda areal 183/1319 mfl. vest for Øysenteret, sal av Kraftbu II/Postvegen 532 samt sal av naust tomt på Geilevika. Kjøp av rettar frå Kystverket for molo/tilkomst Fyrkenholmen. Diverse kjøp av tenester frå private (geotekniske undersøkingar) samt gebyr for reguleringsarbeid til kommunen.

#### 5130 Nærmiljøtiltak

Prosjekt avslutta i slutten av 2019. Sluttfaktura frå leverandør motteke i 2020, samt mottatt tilskot for spelemidlar.

#### 5158 Utleigebustader Godøy (tilskot korona)

Ombygging og oppgradering av 3-mannsbustad på Godøya. Frå utleige av 3 bustadar til 2 beredskapsheimar og med 1 bustad tilpassa til døgnbemanning. Ferdigstilt februar 2021.

#### 5303 Godøy brannstasjon - Utbetring

VA og bygg og eigedom har utbeta rør og - bygningskade etter bygningkollaps.

#### 5304 Tankbil brannvesen/vassforsyning

Planlagt levert i årsskifte 2020/21, men forsinka pga. korona. Forventa levering sommar 2021.

#### 5305 Godøy Brannstasjon - oppgradering (tilskot korona)

Omlegging takteking og bytte av vindauge og dører i ytterfasade. Ferdigstilt februar 2021.

#### 5370 Kartlegging - Marine grunnkart

Felles prosjekt med nye Ålesund og Statens kartverk. Kartlegging av sjøområda (dybde-, grunn- og biologiske data) starta opp i 2014 utan at det var heilt klart kva faktiske kostnader ville bli. Det har vore signalisert at total kostnad pr. kommune ville ligge på ca. kr 2 millionar. Kommunen har sendt ut faktura til dei andre deltakarkommunane og fått refusjon frå fylkeskommunen. Kommunen har betalt faktura frå kartverket i 2020 på kr. 1 500 000, dette er dekkja av fond. I økonomiplan 2021 – 2024 er det avsett kr 650 000 pr år for å dekke kommunen sin andel i prosjektet.

#### 5605 Skulevegen Giske

Utbetalningar for grunnkjøp etter kva som har blitt fastsett i skjønnsak for tingretten, innkjøp av trafikkskilt og vegnamnskilt med utstyr, maling til garasje og konsulentkostnadar for utredning av setningsskader ved Myrvegen 5.

#### 5856 Gjøvsund Nasjonal Fiskerihamn

Løn tilsette i prosjektet mudring Gjøvsund hamn. Prosjektet er klart til gjennomføring med atterhald om finansiering etter opning av anbod i mars 2021.

#### 5857 Mudring Gjøvsundet

Kjøp av diverse tenester på prosjektet mudring Gjøvsund hamn, tenester frå privat konsulent for bistand/støttefunksjon til prosjektleiar. Kjøp av grunnundersøkingar og utarbeiding av terrengmodell. Kjøp av tenester frå Gjøvsund Utvikling AS. Prosjektet er klart til gjennomføring med atterhald om finansiering etter opning av anbod i mars 2021.

#### 6017 Ytterlandsneset

Prosjekt ferdig i 2019, diverse etterslep med tilstelling og liknande.

#### 6154 Gangv./leidn.anl. Geilevika-Teppemyra

Oppsett av gatelys samt diverse lønsføringar.

#### 6201 Mindre veganlegg

Etablering av 4 gangfelt med intensivbelysning i samarbeid med FAU ved Valderøy barneskule. Vi fekk kr 400 000,- frå FAU VBS til å gjennomføre dette. Vi løyvde kr 34 434,- kroner som vart sendt tilbake til FAU. I tillegg vart det kjøpt eit privatskilt om parkering for campingbil forbode.

#### 6251 Modernisering av vassverket

Ombygging og oppgradering av tekniske løysingar for vassverket på Alnes. Dette for å få betre kontroll på vassproduksjon.

#### 6252 Overføringsleidning Godøy - Giske

Gjeld vassleidning i sjø mellom Giske og Godøya. VA har utført forberedande arbeid på Giske sida med rehabilitering av målekum og bytta/klargjort leidningar ned mot sjøkant. Tilboda på sjølve sjøleidninga vart for dyr på 2020 budsjett og sjøleidninga er budsjettert på nytt i 2021. Anbod er kunngjort på Doffin.

#### 6253 Vassleidning Giske - Staurneset

Klargjering for leidning frå Rishaugen til Staurneset. Utføring av legging av leidning er flytta til seinare i økonomiplanperioden.

#### 6343 Leidn.anlegg v/Gjerdehamna

Prosjektet med skifting av VA leidningar og pumpestasjonar var ferdig i 2019. Etterslep på kostnader frå arkeologi.

#### 6380 Tilbygg Alnes renseanlegg

Prosjektering/ planlegging for tilbygg til vassrenseanlegget. Lager, verkstad og bygg for nytt naudstraumaggregat.

#### 6381 Mindre leidningsanlegg

Bygging av mindre nye leidningsanlegg som er påkravd for å løyse utfordringar på VA nettet der vi ikkje har leidningar frå før.

#### 6383 Fornyng leidningsanlegg

Løpende skifting av gamle/ oppbrukte rørsystemer på vass- og avløpsanlegg. Vert utført kvart år for den summen som blir satt av til slikt arbeid. VA leidningar skifta i 2020 var Jussbakken ca. 300 m, Rønnebergbakkane til Valderhaug ca. 500 m, Skaret til Nedre Grødalsveg ca. 600 m og Karenhaugen ca. 400 m. Utbetring av setningsskader etter rør kollaps Godøy brannstasjon. Ein del mindre skiftingar på bla. Molnes, Rokkevegen og Østevegen.

#### 6386 Hovudplan vatn/avløp

Ny hovudplan for vatn og avløp vart forsinka pga. korona utfordringar med leverandør.

#### 7300 Valderøy kyrkjegard

Ferdigstilling av arbeid med utviding av Valderøy kyrkjegard.